

Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Fylkesrådmannen  
 Sak nr.: 16/3448-2

## **Luster - kommunal planstrategi 2016 - 2020**

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesutvalet støttar dei vurderingane som er gjort i den kommunale planstrategien for Luster kommune. Strategien er tydeleg som vidare verkty i planarbeidet for åra 2016-20.
2. Fylkesutvalet forventar likevel at strategien i større grad tek inn i seg og legg regional planstrategi til grunn for det kommunale strategisk planarbeidet. Det bør gjerast ei drøfting av Luster som del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion.

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

#### Vedlegg:

Utkast til kommunal planstrategi for Luster kommune

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Luster kommune har lagt fram utkast til planstrategi. Dokumentet er tydeleg og oversiktleg, med analyse av overordna utviklingstrekk og utfordringar, evaluering av gjeldande planar, og ei liste over planbehovet i perioden 2016 – 2020.

### **2. Bakgrunn for saka**

Plan- og bygningslova set krav om at kommunane skal ha ein kommunal planstrategi, KPS. Strategien vil vere kommunen si rettesnor for kommuneplanarbeidet i komande 4-årsperiode. Luster kommune vedtok førre planstrategi 27.09.12. Luster kommune starta arbeidet med den nye planstrategien ved å utarbeide ei kommuneplanmelding i 2015.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt utkast til regional planstrategi ute på høyring i mars og april 2016 og det er gjennomført prosessar med kommunane for å forankre arbeidet og sikre koplinga til planstrategiarbeidet i kommunane. Strategien skal vedtakast i fylkestinget i juni.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Dei to sentrale kapitla i den kommunale planstrategien drøftar utviklingstrekk og utfordringar, og gjev ei oversikt over og evaluering av gjeldande planar. I siste del av utkastet har dei summert opp behovet for planarbeid i planperioden.

Vi vil gje ros for eit oversiktleg og logisk oppbygd dokument. I innleiinga er føremål med og krav til prosess i planstrategiarbeidet skildra. Det er relativt enkle minimumskrav for prosess og medverknad i arbeidet med kommunal planstrategi, og kommunen står relativt fritt når det gjeld korleis dei legg opp prosessen med tanke på medverknad og involvering.

Fylkesrådmannen har likevel nokre merknader:

Planskildringa viser ikkje korleis prosessen er gjennomført, om dette til dømes berre har vore ein intern kommunal prosess eller om ein i større grad har lagt opp til at ålmenta har kunna kome med synspunkt. Det er eit krav at kommunen i arbeidet med kommunal planstrategi skal hente inn synspunkt frå statlige og regionale organ og nabokommunar. Dette bør skje i ein dialog i sjølve arbeidet og ikkje berre som del av høyringa.

Det er eit godt grep å starte prosessen med å evaluere gjeldande kommuneplan gjennom ei kommuneplanmelding, og ei kunnskapsoverføring mellom gamalt og nytt kommunestyre. Men det er - så vidt vi kan sjå - ikkje sett opp tydelege mål for samfunnsutviklinga framover i Luster kommune. Vi viser til det som vert sett opp under «Føremål» i kapittel 1 om at strategien skal gje ei tydeleg retning for ei ynskt samfunnsutvikling. Vi ser det som ein klar føremon for ein planstrategi at den er tydeleg på mål og retning for ynskt samfunnsutvikling.

Vi saknar også ei omtale av synspunkt frå nabokommunar og frå aktuelle regionale organ. Det er heller ikkje lagt inn noko kopling mot regional planstrategi. Verken gjeldande planstrategi eller utkast til ny regional planstrategi er nemnt i utkastet. Etter plan- og bygningslova skal regional plan leggast til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statlig planlegging og verksemd i regionen.

Med bakgrunn i det forventar fylkeskommunen at kommunen som organisasjon og samfunn legg dei regionale hovudutfordringane som er sett opp i regional planstrategi til grunn i det vidare planarbeid:

- Globalisering og sentralisering.
- Migrasjon og inkludering.
- Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad.
- Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet.
- Klimautfordringane.

Planstrategien konkluderer med å starte opp arbeidet med revisjon av samfunnsdelen til kommuneplanen i 2017. Gjennom tabellane i kapittel 4 har utkastet ein god og verdifull diskusjon knytt til ulike fokusområde i komande arbeid med denne planen. Luster som ein stad å bu, å drive verksemd og besøkje er diskutert opp mot utviklingstrekk, utfordringar og strategiar. Diskusjonen av kvart fokusområde vert avslutta med å setje opp planbehov. Liknande analyse vert og gjort for arealdelen og sentrale kommunedelplanar.

Vi saknar ei drøfting av utfordringane sett i lys av å vere ein del av ein større region saman med nabokommunar. Det står lite i planstrategien om utfordringar og moglegheiter i det å vere ein del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion. Samfunnsdel, arealdel og ulike kommunedelplanar vil måtte halde seg til ei slik verkelegeheit og planstrategien burde drøfte det å vere ein del av ein region på same måte som ein har drøfta dei spesifikke fagtema.

#### **4. Konklusjon**

Vi støttar i hovudsak opp under Luster kommune sitt arbeid med kommunal planstrategi, og at det er lagt opp til å prioritere samfunnsdelen av kommuneplanen med start i 2017.

Vi forventar likevel at det vert gjort ein gjennomgang av utkastet til strategi før vedtak, og at det der vert gjort ei tydelegare kopling til regional planstrategi for 2016 – 2020. Vidare bør det gjerast ei drøfting av Luster som del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion.

Fylkesrådmannen rår til at denne saksutgreiinga følgjer som vedlegg til saka ved oversending av uttalen til kommunen.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)